

# Landbruksplan for Etne 2005 – 2007



Etne kommune 2005

## Forord

Oppstart av arbeidet med *Landbruksplan for Etne 2004-2007* vart vedtatt i Komite Natur april 2004. Planen skulle sjå landbruket i samanheng med anna nærings- og bygdeutvikling. I planprosessen har ein søkt å kome fram til konkrete tiltak og framtidige satsingar for å tryggje og utvikle landbruket lokalt.

I mai 2004 var det 1 møte med representantar frå bondelag, småbrukarlag, forsøksring, kommune og fylkesmann for å førebu arbeidet. På dette innleiande møtet var oppmøtet dårleg. Oppgåva til dei som møtte fram vart difor å gå ut til bøndene i sine lag og organisasjonar og be dei om å delta i vidare arbeid med landbruksplanen. Dette lukkast dei godt med, og arbeidsgruppa vaks til ca 30 deltakarar med tilknytning til landbruket. Gruppa besto hovudsakleg av bønder, med representantar frå forsøksring, bondelag og bonde- og småbrukarlag. Det var 2 møte i arbeidsgruppa, det eine på kveldstid og det andre på dagtid. I perioden mellom desse 2 møta vart det arbeidt i mindre grupper med ulike tema. Råutkastet til planen vart i april 2005 lagt ut til høyring. Ferdig utkast av planen vart vedtatt i Komite Natur den 26. mai 2005. Landbrukskontoret har vore sekretær for planen.

Landbruksplanen skal reviderast. Det er tenkt å ha ei hovudrullering kvart 4. år i samband med rullering av kommuneplanen. Elles vil det bli gjort ei årleg rullering av tiltaksplanen.

Det var i løpet av arbeidet med landbruksplan ikkje vedtatt spesielle juridiske retningslinjer for lokal handheving av jordlov, skoglov og konsesjonslov, men dette vil kunne bli tatt inn under neste revisjon av planen.

Under slutthandsaming av landbruksplanen i komite natur låg det i planen eit forslag til kjerneområde for landbruk i Etne. Det var da vedtatt å utelate dette forslaget frå planen. Å definere kjerneområde for landbruk er ei sak kommunen vil arbeide vidare med.

Etne kommune laga i 1999 "*Ovesiktsplan for skogbruket i Etne kommune*". I den planen blir skogbruket skildra spesielt. Strategien frå denne er fletta inn i landbruksplanen.

<b>Innhald</b>		<b>Side</b>
	Forord	3
<b>1.</b>	<b>Fakta om landbruket i Etne</b>	4
1.1	Jordbruksareala	4
1.2	Gardsbruk i drift	4
1.3	Skogen	4
1.4	Bruksstorleik og leigejord	4
1.5	Husdyrproduksjon	4
	1.5.1 Mjølkekyr	4
	1.5.2 Sau	4
	1.5.3 Andre husdyrproduksjonar	4
1.6	Økologisk landbruk	5
1.7	Bygdeutvikling	5
1.8	Kulturlandskap	5
1.9	Utmark	5
<b>2.</b>	<b>Tiltaksplan</b>	
2.1	Busetting	6
2.2	Kulturlandskap	8
2.3	Husdyrproduksjon	9
2.4	Tilleggsnæringar	10
2.5	Skogbruk	12
<b>4.</b>	<b>Tiltaksstrategi og retningslinjer for SMIL- og NMSK- midlar</b>	13
VEDLEGG	Oversikt over dei som var i arbeidsgruppa for landbruksplan Resultat av gruppearbeid	

## **1. Fakta om landbruket i Etne.**

### **1.1. Jordbruksareala**

I Etne er det om lag 28 kvadratkilometer jordbruksareal. Av dette er 16.038 dekar fulldyrka jord, 1328 dekar overflatedyrka jord og 8142 dekar innmarksbeitet i drift.

### **1.2. Gardsbruk i drift**

I Etne var det i 2004 om lag 183 gardsbruk som fekk produksjonstilskott. Til samanlikning var dette talet i 1995 226.

### **1.3. Skogen**

Oversiktsplan for skogbruket i Etne kommune vart utarbeid av kommunen i 1999. I følgje denne er skogarealet i kommunen på om lag 140 kvadratkilometer og dekker om lag 1/5-del av kommunen. 75 % av arealet er furu- og lauvskog. Granskogen utgjer om lag 10.000 dekar. Uttaket av ved og tømmer ligg på om lag 2.000 m<sup>3</sup> per år. I Etne er om lag 1 km private skogsbilvegar.

### **1.4. Bruksstorleik og leigejord**

Gjennomsnittleg jordbruksareal per driftseining inklusiv leigejord er i underkant av 150 dekar per bruk. Skogen i Etne er fordelt på 474 eigedomar. Gjennomsnittet er på om lag 200 dekar produktiv skogsmark.

## **1.5 Husdyrproduksjon**

### **1.5.1 Mjølkekyr**

Om lag 81 bruk dreiv med mjølkeproduksjon i januar 2004. Gjennomsnittleg kvote var på 71.000 liter. Til samanlikning var det i 1990 om lag 121 bruk som dreiv mjølkeproduksjon, og gjennomsnittleg kvote var da på 57.000 liter.

Det er i 2004 registrert 1 samdrift i mjølkeproduksjonen.

### **1.5.2 Sau**

I 2004 søkte om lag 106 gardsbruk om produksjonstillegg for sau. Til saman hadde desse gardsbruka 5377 vinterfora sauar.

### **1.5.3. Andre husdyrproduksjonar**

I 2004 søkte om lag 11 gardsbruk om produksjonstilskott for 773 mjølkegeit.

I 2004 var det om lag 37 brukarar i Etne som hadde ammekyr, til saman 292 stk..

I 2004 søkte om lag 18 gardsbruk om produksjonstilskott for gris. Til saman hadde desse gardsbruka 889 purker. Etne er den største kommunen på gris i Hordaland.

I kommunen var det i 2004 7 gardsbruk som hadde høns. Totalt var det 13074 høns i kommunen.

I 2003 var det søkt om produksjonstilskott for 2 dekar jordbær, 7 dekar andre bær, 8 dekar frukt og 1 da planteskole.

### **1.6 Økologisk landbruk**

I 2004 vart om lag 586 dekar jordbruksareal godkjent som økologisk. 3 brukarar dreiv økologisk eller hadde bruk som var under omlegging til økologisk drift. 6 ammekyr, 34 mjølkekyr og 50 andre storfe vart godkjent som økologiske dyr i 2003.

### **1.7 Bygdeutvikling**

Støtte til landbruket i Etne frå Innovasjon Norge varierer frå år til år. I 2004 vart det tilbruksutbygging på 6 gardsbruk løyvd kr. 853.000 i tilskott.

### **1.8 Kulturlandskap**

I 2004 vart det i Etne løyvd om lag kr. 620.000 i SMIL-midlar til særskilte tiltak i kulturlandskapet.

### **1.9 Utmark**

I Etne var det i 2004 7 beitelag tilslutta organisert beitebruk. 7516 lam og sau og 160 storfe vart årleg sendt på beite.

Det vart i 2004 gitt 427 fellingsløyve på hjort. 341 vart felt, noko som gav ein fellingsprosent på 80. Det vart gjeve 117 rådyrløyve. Av dei vart 44 dyr felt, noko som gav ein fellingsprosent på 38. 1 løyve på elg vart gitt og han vart ikkje felt.

Det er store uutnytta vasskraftressursar i mindre vassdrag i kommunen. Det er 3-4 småkraftverk i drift, og om lag 10 stk er under planlegging.

Etne-elva er for tida den beste lakseførende elva i Hordaland. Fangsten er ca 3 000 - 3 500 kg pr år med laks og sjøaure. Elva er ca 6 km lang.

## 2. Tiltaksplan

### 2.1 BUSETTING

**Det skal vere busetting i heile kommunen og bygdene skal vere levande med infrastruktur og sørvis.**

**2.1.1 Kommuneplanen skal legge til rette for bustad-, hytte- og nausttomter ute i distrikta.**

STRATEGI:

- Tettare samarbeid mellom kommune og grunneigarar vil kunne styrke tomtetilbodet.

TILTAK:

- Kommunen skal under revidering av kommuneplanens arealdel gå spesielt ut til grunneigarar som har aktuelle område og spørje om dei kan tenke seg ei omregulering.
- Kommunen skal i samband med revidering av kommuneplanens arealdel undersøke etterspurnaden etter tomter.

ANSVAR:

Grunneigarane og kommunen

**2.1.2 Trivsel som drivkraft i bygdene. Det skal etablerast møteplassar for utveksling av erfaringar og bygging av nettverk.**

STRATEGIAR

- Sosiale møteplassar er viktig for trivsel.
- Sosiale møteplassar er viktig for å vidareutvikle idear.
- Utveksling av erfaringar kan gjere at ein lærer av andre sin suksess eller feiltrinn.

TILTAK

- Opprette grendelag i bygder som manglar det.
- Fortsette med Bondedrøsen
- Opprette beitelag der det er trong for det.
- Organisere møte for nye bønder / ei ungdomsgruppe
- Organisere samlingar for damer i landbruksnæringa

ANSVAR

Faglaga og kommunen

**2.1.3 Vegnettet i kommunen skal haldast vedlike.**

STRATEGIAR

Gode vegar er viktig for å oppretthalde busetnad på bygda.

TILTAK

- Kommunen skal setje av midlar til vedlikehald av kommunale vegar ved utarbeiding av kommunalt budsjett.
- Kommunen bør vurdere å opprette ei tilskotsordning for vedlikehald av private vegar.
- Kommunen må drive aktiv påvirkning ovanfor fylke og stat for å bli prioritert når det gjeld utbetring av fylkes- og europavegar.

ANSVAR  
Kommunen

#### **2.1.4 Verdfullt jordbruksareal må bli tatt vare på.**

STRATEGIAR:

- Årleg avgang av dyrka- og dyrkbar mark skal halverast innan 2010.
- Når det vert gje løyve til å byggje hus nr.2 (kårhus) på eit bruk, skal det fortrinnsvis byggjast i tilknytning til den eksisterande tunskipnaden på bruket.

TILTAK:

- Plasseringar av bygningar må ikkje skje på dyrka- eller dyrkbar mark eller splitte opp kulturlandskap.

ANSVAR:  
Kommunen, politkarane, bygdelag og grunnigarar

## 2.2 KULTURLANDSKAP

**Kulturlandskapet i kommunen skal haldast vedlike.**

### 2.2.2 Rydding av skog langs veg skal gjerast på minst 3 plassar.

#### STRATEGIAR

- Utsikt langs vegen er viktig både for turistar og lokalbefolkning.

#### TILTAK

- Kommunen kan kartlegge aktuelle stadar langs vegen der skogen med fordel kunne blitt hogt.
- Kommune, grunneigarar og vegvesen skal gå saman om å rydde bort og eventuelt tynne skogen som hindrer utsikt langs vegen.

#### ANSVAR

Grunneigarar, kommune, vegvesen

### 2.2.3 Gardbrukarane skal halde gamal kulturmark i hevd, minst 15 prosjekt per år.

#### STRATEGIAR

- Det skal satsast på å vidareformidle kunnskap som er naudsynt for å halde kulturlandskapet i hevd.

#### TILTAK

- Kommunen må aktivt marknadsføre dei kommunale SMIL-midlane som kan nyttast m.a. til beiteryddingsprosjekt og organisert beitebruk.
- Det skal i samarbeid med bondelaget, fylkesmannen og forsøksringen arrangerast kurs om pleie av kulturlandskapet.
- Det skal arrangerast kurs og om sviing av lyng og kratt.

#### ANSVAR

Kommunen



## **2.3 HUSDYRPRODUKSJON**

**Det sterke husdyrmiljøet i kommunen skal oppretthaldast.**

### **2.3.1 Kommunen bør ha ein landbruksvikar.**

#### **STRATEGIAR**

Det skal satsast på eit tilbod om sjukeavløysing til gardbrukarane.

#### **TILTAK**

I budsjettprosessen skal kostnadane til ei landbruksvikarstilling leggjast inn.

#### **ANSVAR**

Kommunen

## 2.4 TILLEGGSNÆRINGAR

Flest moglege gardsbruk i kommunen skal vere i drift. Tilleggnæringar skal utviklast for å sikra gardane eit tilstrekkeleg inntektsnivå.

### 2.4.1 I kommunen skal det vere eit koordinert tilbod for overnatting og aktivitetar som inkluderer gardsturisme.

#### STRATEGIAR

- Utvikle turisme som kan styrke drifts-grunnlaget på det einskilde bruk.
- Landbruk- og turisme skal kombinerast på ein god måte.
- Tema landbruk skal vere i fokus.
- Samhandling mellom vertane skal gjere at gjestane får ei positiv oppleving av aktivitetar.

#### TILTAK

- Turistvertar, reiselivslag, kommune bønder m.fl. skal lage ei felles internettside som gir eit koordinert oversikt over tilbod om overnatting, båtutleige, båtsørvis, opplevingar, aktivitetar med meir. Sal av ved eller produkt laga i næringa, gardsutsal, fiske og hjortejakt m.m. Nettsida må oppdaterast kontinuerlig
- Tilby bygdeservice til hyttene og andre. Kan knyttast mot avløyssarlaget.
- Gardbrukarane må vurdere å arbeide for fellesløyssingar ved tilrettelegging for turisme.
- Lage eigen suvernir for Etne kommune
- Arbeide for å få kulturhistorisk veg gjennom Etne

#### ANSVAR

Turistvertar, bønder og kommunen

### 2.4.2 I kvar bygd i kommunen skal det vere minst ein gard som har sal av lokale landbruksprodukt.

#### STRATEGIAR

- Lokal foredling og sal av landbruksprodukt vil styrke næringa økonomisk og gjere den meir synleg lokalt.
- Utsal av gardsmat på plassar folk besøker vil auke opplevinga til dei tilreisande.
- Etabler godt samarbeid med Mattilsynet tidlig i prosessen.

#### TILTAK

- Bygge opp ein egen Etnemeny a la Hardangermenyen og Vossamenyen.
- Det må etablerast samarbeids-løyssingar for slakting, røyking og eventuell anna foredling.

## ANSVAR

Vestnorsk senter for bygdeutvikling, bønder og faglag

### **2.4.3 Kommunen skal tilby folk som ber om hjelp til etablering av tilleggsnæring god rettleiing om tilskotsordningar med meir.**

## STRATEGIAR

God rettleiing av kommunen kan føre til at fleire startar opp med ulike tiltak i kommunen.

## TILTAK

- Lag ein ABC for etablerarar i Etne som viser kva lover og reglar må ein gjennom, kven kan kontaktast for hjelp, kor finn du økonomisk støtte til prosjektet?
- Opplys om alle tilskotsordningar i god tid før søknadsfrist, t.d. i Etnebygdingen

## ANSVAR

Kommunen

## 2.5 SKOGBRUK

Det vart i 1999 laga Oversiktsplan for skogbruk i Etne. Strategien for skogbruk i denne er framleis gyldig og den er difor lagt inn i landbruksplanen.

I strategisk næringsplan for kommunen er det m.a. er sett følgjande strategi for næringsutvikling: *Høgare utnyttingsgrad av dei lokale ressursane.*

Innanfor landbruket er potensialet for høgare utnyttingsgrad av dei lokale skogressursane stort. Ein kan t.d. peike på at:

- Avverkinga ligg på omkring  $\frac{1}{4}$  av det drivverdige balansekvantumet.
- Ein stor del av salskvantumet vert vidareforedla utanfor kommunen.

I oversiktsplan for skogbruk for Etne kommune er det sett følgjande strategi for skogbruket:

For å oppnå høgare utnyttingsgrad av dei lokale skogressursane må vi arbeide for å

- Auke avverkinga av gammal skog.
- Sikra ei tilfredstillande forynging og leggje til rette for rasjonell ungskogpleie.
- Planlegge tilkomstvegar i viktige område for skogbruk.
- Auka alternativ skogsetablering (pyntegrønt, juletre m.m.)
- Ivareta det biologiske mangfaldet og miljøverdiane ved alle skogbrukstiltak.
- Få større lokal foredling av skogsvirke.
- Ha skogbruksplan for alle eigedomar som ligg i område som er definert som viktige for skogbruk.
- Finne ein hensiktsmessig balanse mellom skogbruk og hjorteviltinteresser ved å regulere hjorteviltbestanden.
- Gjere folk merksam på dei verdiane som finst i skog og utmark.

#### **4. Tiltaksstrategi og retningslinjer for tildeling av SMIL- og NMSK-midler**

I sak 104/04 vedtok komite natur tiltaksstrategi for tilskotsordningane SMIL, NMSK og Skogbruksplanlegging med miljøregistreringar i perioden 2005-2008. I samband med arbeidet med landbruksplan gav fylkesmannen ei uttale som oppfordra oss om å gjere noko få justeringar av strategien for tildeling av SMIL- og NMSK-midler.

##### Planar som ligg til grunn for tiltaksstrategien:

- Landbruksplan for Etne 2005-2008
- Oversiktsplan for skogbruk

##### Satsingsområde:

Ved tildeling av SMIL-midler skal område med mange kulturminne, område som er viktig for turisme og fine kulturlandskap som ligg godt synleg frå EV 134, eller andre hovudveggar, prioriterast.

Søkjarar som mottar produksjonstilskott / driv gardsbruk i kommunen skal prioriterast.

Tiltak som er med på å auke tilgjenge for turgåarar skal prioriterast (t.d. gjerdeklyvarar).

Fellestiltak skal prioriterast.

Tiltak som kan koplast mot tilskott frå "Regionalt miljøprogram" skal prioriterast.

Det er eit krav at tiltak som gjeld gamal beitemark blir nytta som beite i minst 5 år etter tildeling av tilskott.

##### Planlagt aktivitet for auka satsing:

- Satse på fellesprosjekt ved t.d. å vere med i "Prosjekt beitelandskap".
- Gi aktiv informasjon om tilskotsordningane i Etnebygdingen og Grannar.
- Arrangere kurs og møte om kulturlandskap og skogbruk, gjerne i samarbeid med lokale faglag som t.d. bondelag, bonde- og småbrukarlag, sau- og geitavlslag, skogeigarlag.

##### Forventa trong for økonomiske verkemiddel 2005-2008.

Gjennom siste tiårsperiode har talet på søknadar til tiltak i kulturlandskapet auka.

Aktiviteten i skogbruket har gått noko ned, men eit planlagt interkommunalt skogkulturprosjekt som er under etablering vil venteleg føre til auka aktivitet i skogen.

I 2003 vart det løyvt ca 1,2 million kroner til kulturlandskapstiltak i Etne, og i 2004 vart det søkt om meir enn 1,6 million kroner i støtte til slike tiltak.

Forventa trong for midlar i perioden 2005-2008 er kr. 1,5 million kroner årleg til SMIL og kr. 150.000 kroner årleg til NMSK:

##### **Etne kommune vedtar følgjande retningslinjer for søknad om SMIL og NMSK-midler:**

Intern fordeling mellom SMIL og NMSK blir gjort kvart år.

Søknadsfrist er 1. mai.

Svært viktige tiltak med mange faktorar som talar for ei høg prioritering kan ved særlege grunnar få løyvd midlar før søknadsfristen går ut.

Søknadar som ikkje når opp i konkurransen om midlar frå årets pott kan bli sett på vent til neste år. Det er viktig å ikkje låse seg i høve til fjorårets søknader.

Søknadar som ikkje fell innanfor retningslinjene for tilskotsordninga eller av andre relevante grunnar blir lågt prioritert vil få avslag. Her er det også viktig å ikkje binde seg opp til dårlege/svake søknader.

Store prosjekt må vurderast delt inn i mindre einingar og/eller spes ut over fleire år.

Alle søknadar må godkjennast før gjennomføring av tiltak. Løyving av midlar til allereie gjennomførte tiltak blir ikkje prioritert.

Kommunen skal setje vilkår for utbetaling av tilskot til kvart einskild tiltak. Vilkåret må stå i forhold til føremålet med tiltaket.

Standard søknadsskjema for smil skal nyttast ved søknad. Dette kan lastast ned/fyllast ut elektronisk på nettdressa:

<http://www.slf.dep.no/index.asp?startID=&topExpand=1000011&subExpand=&strUrl=1000987i> .

Utifrå sakstype kan kommunen stille krav om tilleggsdokumentasjon.

Søklar har klagefrist på 3 veker etter å ha mottatt svar på søknaden. Klageinstans er fylkesmannen, og klagen skal sendast om kommunen.

Tildeling skal gjerast av ei administrativ faggruppe. Rådmannen får fullmakt til å peike ut kven som skal vere med i gruppa.

#### **Retningsliner for prioritering av tilskot til SMIL:**

<b>TILTAK</b>	<b>EININGSKOSTNAD</b>	<b>MAKS % TILSKOTT</b> av godkjent kostnadsoverslag	<b>MERKNAD</b>
Beiterydding	Inntil kr. 1000 per da	70	Må ha preg av driftsforma tidlegare kulturmark/beite
Gjerde i samband med beite/kulturmark	Inntil kr. 40 per meter	50	
Steingard		70	
Tilgjengelighet og oppleving		70	
Ivareta kulturminne og kulturmilø		70	
Leplanting, styvingstre, andre miljøtiltak		70	
Freda og verneverdig bygningar		35	Til utvendig restaurering. Ikkje bustadhus.
§ 4 Planlegging og tilrettelegging		50	
Organisert Beitebruk (Investeringsiltak)		70	

## Retningslinjer for prioritering av tilskot til NMSK:

TILTAK	PRIORITERING	TILSKOT	MÅL
Skogsvegar (maks 50 % av ramma innanfor 4 år)	Skogsbilvegar skal prioriterast. Heilårs traktorvegar kan også prioriterast ved god nytte/kostnadseffekt.	Inntil 60 % tilskott. Poengskjema M-016 skal nyttast for vurdering av tilskot.	Byggje minimum 250 m skogsveg kvart år. Jmf oversiktsplan skog Etne kommune.
Ungskogpleie	Etterarbeid i plantefelt og kvalitetsstell av lauv- og furubestand skal prioriterast.	70 % av dokumenterte utgifter, maks kostnad kr. 700 per da.	Stelle minst 60 da per år.
Markberedning	På eigna markslag og bonitet.	Inntil 70 % av dokumenterte utgifter, maks kostnad kr. 280 per da.	Markberede etter behov, ca 25 da per år.
Tynning	Tynning av lauv bør prioriterast.	Inntil kr. 400 i tilskot per da	Tynne minst 30 da per år.
Tilskot bratt terreng og hest	Tilskot skal ikkje øydeleggja for framtidsetta vegløyningar.	Tilskot kr. 80 per m <sup>3</sup> , inntil kr. 800 per da	Drive minst 3 da med taubane eller hest
Andre tiltak i skogbruket	Samarbeidsprosjekt (T.d. prosjekt via skogeigarlaget)	Inntil 10 % av total skogramme	

## VEDLEGG

I arbeidsgruppa var følgjande bønder:

Tone Randi Frette	Sigve Milje	Oddvar Berge	Jon Sævareid
Stein Gunnar Sandvik	Torleif Sande	Ole Sigurd Meland	Olav Samland
Oddbjørn Sande	Knut Erik Ebne	Lars Markhus	Hans Meland
Lars Ove Tungesvik	Pavel Blazkievics	Jens Markhus	
Liv Ellen Ebne	Lars Flokatveit	Ole Nervik	
John Kåre Opheim	Ingvor Gundegjerde	Leif B. Halleland	

Elles deltok:

Lars Kjetil Flesland, leiar for Etne, Ølen og Vindafjord forsøksring.  
Anita Larsen, leiar for Etne bondelag  
Marit Ebne, leiar for Etne bonde- og småbrukarlag  
Leif Arne Løvereide, leiar for Skåneviksprosjektet  
Berit Rystad, fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga  
Ottar Haugen, fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga  
Sissel Hesjedal, fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga  
Ordførar i Etne kommune Amund Enge  
Fagansvarleg kultur- og miljø, Erik Kvalheim  
Fagansvarleg landbruk, Annbjørg Bue



## Resultat av gruppearbeid.

I løpet av planprosessen kom arbeidsgruppa fram til ulike tema med forslag til kva som kan gjerast. Sjå oversikt i tabellen under.

Tema	Innspill
Busetnad	Det må bli lettare å få frådelt større tomter der det er sprett busetnad frå før. Dette for å gjere grendene meir attraktive.
	Gjere tomter frå 5-8 dekar mogeleg. Gjerne med sjørett. Gjerne knytt til annan bustad.
	Satse på mindre tomter/byggefelt og meir konsentrert bebyggelse i tettstadane.
	Det må vere lettare å få lage til naustplassar, gjerne mange samla.
	Lag klyngetun der det er naturleg
	På stader av kommunen med sprett busetnad, bør det vere mogeleg med frådeling til enkelthytter for interesserte.
	Oppretthalda og ruste opp vegar som grunnlag for turisme.
	Auke satsinga på turisme
	Behalda Bygdesenteret/landbrukskontoret som i dag eller om mogeleg styrka det.
	Fremje fellestiltak i bygdene og grendene som kan vere med på å gjere livet lettare for alle, t.d. bygdamøte der innbyggjarane kan diskutere det dei ynskjer, gjerne kjem ein då på ting som gjer kvardagen enda betre.
	Marknadsføre Etne som ein god stad å vekse opp
	Opprette ei kommunal tilskotsordning for private vegar.
	Gå inn for å lage klyngetun der det er naturleg.
	Praktisere bu- og driveplikt sterkare
	Lag oversikt over ledig landbruksareal, spreieareal
	Arrangere Bondedrøsen med tilbod om opplæring til bønder t.d. om bruk av internett og folk frå landbrukskontoret til stades.
	Opplys om alle tilskotsordningar i god tid før søknadsfrist, t.d. i Etnebygdingen
	Renovere gamle bygningar, med t.d. tilskott, der bygda kan samlast.
	Sjå meir alvorleg på det med landbruksvikar i tilfelle krisesituasjon, budsjetter inn landbruksvikar.
	Gi tilbod om kompetanseheving på nett
Familierådgiving	
Oppretthalde det sterke husdyrmiljøet / Sørvis til bøndene.	Ta vare på landbrukskontoret
	Få tilbake den kommunale landbruksvikaren
	Ha aktive faglag i landbruket
	Legg Bondedrøsen til eit tidspunkt som også passar for bønder som er ute på arbeid utanom garden.
	Gjere det mogeleg å få større areal om du har mjølk og smågris.
	Dei som sluttar må få høve til å dele i frå tunet og selje resten av arealet til aktive brukarar.
	Ta vare på jorda ved aktivt jordvern
	Ta vare på gamle kulturlandskap og kulturminne
	Ta vare på Forsøksringen
	Bruk lokalavisa til å dekke arrangement i landbruket
	Ha oversikt over rettleiingsapparatet i landbruket kven skal rettleie ved ulike problemstillinger?
	Organisere møte for nye bønder / ei ungdomsgruppe
	Organisere samlingar for damer i landbruksnæringa
Stimulere til samdrift	
Attgroing / kulturlandskap	Vegkantare må haldast opne for vegetasjon slik at det er utsikt til det turistar er interesserte i, som sjø, kulturlandskap og andre ting som det er verd å sjå. Til slike prosjekt bør ein kunne søkje om smil- eller nmsk-midlar.
	Arrangere kurs om nedsviing av brake/einer i fjellet



